



*Vinje
kommune*

**Økonomiplan og handlingsprogram 2019 -
2022
og budsjett 2019**

Handsamt i Kommunestyret 13.12.2018

Innhold

BUDSJETTVEDTAK	3
SAMANDRAG.....	3
INNLEIING.....	4
DET ØKONOMISKE OPPLEGGET FOR PERIODEN 2019 – 2022.....	5
Innleiing.....	5
Frie inntekter.....	5
Folketalsutvikling og aldersfordeling	7
Pensjonistgruppa aukar	8
Økonomisk status	9
Føringar for budsjettarbeidet.....	9
Disponibelt for drift	9
Verknader av statsbudsjettet for 2019	10
Buffer.....	12
Nedskjeringar	13
Kommentarar knytt til dei einskilde einingane	13
Vatn og avløp – sjølvkostprognosar fram mot 2025.....	16
Gebyr samanlikna med andre kommunar	17
INNKOMNE SØKNADAR	18
INVESTERINGAR	18
FONDSMIDLAR	20
Konsesjonsavgiftsfondet	20
Næringsfond	21
Kapitalfond	21
Andre fondsmidlar	22
Kraftfond - Møsstrond.....	22
GJELDSSITUASJONEN.....	23
BUDSJETTSKJEMA	24
Budsjettetskjema 1 A – Driftsbudsjettet	24
Budsjetteskjema 1 B - Driftsrammer til einingane	24
Bufferspesifikasjon for løns- og prisvekst.....	27
Budsjetteskjema 2 A – Investeringsbudsjettet.....	28
Budsjetteskjema 2 B – Investeringsbudsjett.....	29
DRIFTSPLAN OG BUDSJETT FOR EININGANE	30
Rådmannsteamet.....	30
Økonomi, plan og utvikling	35
Fellestenesta	38
Vinjeskulen.....	46
Vaksenopplæring – mål og tiltak.....	47
Helse og omsorg.....	52
NAV	56
Barneverntenesta i Vest-Telemark.....	58
Vinje kjøkendrift.....	60
Næringskontoret	61
Teknisk drift og vedlikehald	63
Reinhalde og tekstil	65
Kultureininga.....	67
Sjølvkostområda.....	69

BUDSJETTVEDTAK

Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek forslag til Budsjett 2019 og Økonomiplan/handlingsprogram 2019-2022 slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen.
2. Det kommunale skatteøyret vert fastsett til dei maksimalesatsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtar føljande for egedomsskatteåret 2019 i Vinje kommune:
 - a) Det skal skrivast ut egedomsskatt på verk og bruk, jf. Egedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c.
 - b) Den alminnelege egedomsskattesatsen er 7 promille, jf. Esktl. §§10 og 11 første ledd.
 - c) Takstvedteker for egedomsskatt i Vinje kommune vedtekne i kommunestyret 31.10.2008 skal gjelde, jf. Esktl. §10.
 - d) Egedomsskatten forfall til betaling i to terminar, jf. Esktl. § 25 første ledd. Første termin er 1. april og andre termin er 1. september.
4. Vinje kommune tek opp lån 55 mill kr, med avdragstid 30 år.
5. Vinje kommune tek opp startlån 3 mill kr til vidare utlån.
6. Andre kommunale prisar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «kommunale prisar og gebyr».
7. Vatn, avløp, renovasjon, slam og feiing skal ha 100 % kostnadsdekning
8. Kommunestyret vedtek framlegget til detaljert driftsmål for 2018, slik det går fram av vedlegget «driftsmål».
9. Det blir sett i verk eit forprosjekt for Øyfjell grøndehus, der TDV vurderer kva som bør gjerast og kostnaden med tiltaka sett i samanheng med dagens krav og bruk av huset. Det blir løyvd kr. 400.000,- til eit slikt forprosjekt. Inndekning blir teke frå konsesjonsavgiftsfondet.
10. Finansieringa av Bygdesoge Øyfjell held fram i 2019 og 2020. Det blir løyvd kr. 120.000,- pr. år. For 2019 blir pengane teke av avsette pengar til renteutgifter ved at låneopptaket i Vinje blir utsett i to månader. For 2020 blir summen innarbeidd i budsjettet for 2020.
11. Bustadtilskottet for nye bustader blir fjerna.
12. Sommararbeid for ungdom blir vidareført. Inndekning via auka husleigeinntekter på TDV.
13. Formannskapet ber om ein økonomisk oversikt over investeringar, finansiering og drift av Vinje-senteret i samband med kommunestyrehandsaming av budsjettet.

SAMANDRAG

Budsjettet har ei totalramme på 507,6 mill. kr, og ein investeringsplan på 97,2 mill. kr i 2019.

Som tidlegare år, er det i nokon grad utfordringar i høve til kommuneøkonomien. Utfordringane er som samanfatta under:

⇒ Reduksjon i egedomsskatteinntektene

- ⇒ Vekst på utgiftssida gjennom stor lønnsmasse
- ⇒ Høg investeringstakt også i 2019
- ⇒ Høg lånegjeld gjer kommunen eksponert for sterkt aukande renteutgifter dersom rentenivået aukar

Behova for kontinuerleg reduksjon i driftsnivået speglar m.a. at ein har investert i meir infrastruktur enn kommunen greier å drive på ein forsvarleg måte. Investeringsprogrammet vil ytterlegare auke krava til omlegging av kommunens drift i åra som kjem.

Kommunens disponible fondsmidlar aukar frå 48,2 mill. kr til 51 mill. kr i perioden. Dette gjeld samla sett for kapitalfond, næringsfond, konsesjonsavgiftsfond, disposisjonsfond og kraftfond - Mösstrond.

Det skal investerast for om lag 196,2 mill. kr i perioden 2019 – 2022. Av dette er det sett av 97,2 mill. kr i planperiodens første år. Det blir sett av midlar til vatn- og avløp, samt investeringar innan melom anna kjøp og ombygging av Coop-bygget, G/S-vegar, Vinjesenter, ny Åmot barnehage og skule på Edland.

Det er utarbeidd konkrete driftsmål for kommuneorganisasjonen, slik at dokumentet sin funksjon som handlingsprogram er synleg og handfast. Slik dette er utforma, nærmar kommunen seg i nokon grad konseptet "balansert målstyring". På den andre sida er måla knytt til kvalitet i tenesteproduksjonen, slik at ein får etablert politisk vedtekne resultatforventingar. Resultatet av dette arbeidet er ein del av planen, og er lagt under kvart tenesteområde eller resultateining.

INNLEIING

Økonomiplanen 2019 - 2022 og årsbudsjettet for 2019 er handsama som éi sak. Årsbudsjettet for 2019 er såleis identisk med det første året i økonomiplanperioden.

Resultatvurderinga av fjaråret på vårparten kvart år er, saman med dialogprosessen, den reelle starten på kvar budsjettprosess. Inneverande år har langt på veg følgt same budsjettprosess som i fjar, gjennom orientering til formannskapet og eit kombinert administrativt og politisk budsjettseminar.

For budsjettaktivitetane i andre halvår er følgjande tidsplan nytta:

2.-3. oktober	Budsjettgjennomgang/drøfting mellom formannskapet og einingsleiarane.
29. november	Formannskapet gjev innstilling til kommunestyret.
30. november	Budsjettinnstillinga vert lagt ut til offentleg ettersyn.
13. desember	Kommunestyret vedtek budsjett og økonomiplan.

Budsjett/økonomiplan er sett opp i samsvar med prinsippa om rammestyring som kommunestyret vedtok 12.03.2001. Dette inneber at **kommunens resultateiningar får ei nettoramme for drifta som pålagde oppgåver skal løysast innanfor**. Rammestyringa inneber

og at eventuelle mindreforbruk i høve til driftsrammene eitt år, vert tilført einingane sine driftsrammer ved godkjenning av rekneskap og eininga sitt budsjettresultat det påfølgjande året. På same måte skal meirforbruk trekkjast av eininga sine driftsrammer året etter eller i løpet av dei 2 påfølgjande åra.

I tillegg til driftsrammene innehold budsjett/økonomiplan eit investeringsprogram for dei neste 4 åra.

DET ØKONOMISKE OPPLEGGET FOR PERIODEN 2019 – 2022

Innleiing

Økonomien set rammer for korleis kommunen kan dekke innbyggjarane sine behov. Rett nok er mange av rammevilkåra for utvikling av kommuneøkonomien fastlagt av tilhøve utanom kommunen. Gjennom langsigkt planlegging og styring kan likevel lokale styresmakter påverke den økonomiske utviklinga.

Det generelle økonomiske biletet er at gjennomføring av dei store vedtekne investeringane for vatn og avlaup og svekka inntekter frå eigedomsskatt, legg press på tenesteytinga i kommunen. Ved å fylge dei vedtekne utbyggingsplanane vil gjelda auka med omlag 7,2 % i perioden, med ein topp på 578,4 mill i 2020. Da går ca 10 % av frie inntekter til å betene gjeld.

Det er særleg inntektene til næringsfondet som får ein knekk framover. Det er her ein har henta inndekning av satsingar på løypekøyring, nærings- og landbruksstøtte, samt infrastruktur på teknisk. Dersom ein skal oppretthalde nivået på desse ytingane, lyt ein skjere ned på andre tenesteområde.

For å kompensere for noko inntektsnedgangen har ein auka ein del av dei kommunale gebyra med konsumprisindeks eller tilsvarande.

Det er ikkje endra på årsavgifter for vatn og kloakk i budsjett 2019. Bakgrunnen for dette er at sjølvkostfonda ikkje skal byggast opp ytterlegare. Viser elles til sak i kommunestyresak 18/74 om å nytte 10 år fondsutjamning for vatn og avløp grunna stor utbyggingstakt i kommunen

Frie inntekter

Dei frie inntektene til kommunane består av rammetilskot og skatteinntekter. Det er inntekter kommunane kan rá fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk. Nivået på dei frie inntektene vert bestemt ut frå pris- og lønsvekst, vekst i frie inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, satsingar over rammetilskot og korreksjon av rammetilskot for oppgåveendringar. Når nivået på samla frie inntekter for 2019 er fastsett, kjem ein fram til storleiken på samla rammetilskot ved å trekke anslaget for skatteinntekter frå nivået på samla frie inntekter.

Vinje kommune har inntekter frå sal av konsesjonskraft gjennom «Avtale om disponering av konsesjonskraft» (Konsesjonskraftstyret i Telemark (KKST). I tillegg har kommunen inntekter frå sal av særavtalekraft, samt noko ordinær konsesjonskraft tilsvarande forbruk knytt til alminneleg forsyning. Forvaltning av konsesjonskraft og særavtalekraft har frå 1. januar 2018

vore gjort gjennom KKST, som ei prøveordning for 2018 og 2019 jf. Kommunestyresak PS 17/82.

Det er vanskeleg å budsjettene inntekter frå krafta grunna store variasjonar i marknadsprisane og forbruk. I budsjettet har rådmann lagt inn prognosar frå KKST av 24.09.2018. Styret i KKST vedtok 15.11.2018 eit lågare budsjett kor faktisk forbruk i 2017 er nytta som grunnlag for fordeling av overskot. I Vinje kommune har det vore ei forbruksvekst knytt til auka tal på hytter, spesielt i Rauland. I Rauland Kraftforsyning sitt område, har det vore ei forbruksvekst på 4,15% dei 15 siste åra. I VTK sitt område var forbruket 57,4 GWh i 2011, mens det i 2017 var 60,4 GWh. Prognosa for 2018 viser forbruksauke på 3% i forhold til 2017. Dette skuldast både kald etterjolsvinter og generell forbruksvekst grunna tilgang av hytter både på Stokktjønn og i Vågslid. Rådmannen ønsker å ta utgangspunkt i forbruk i eit normalår og har valt å følje tilrådinga frå kraftlaga når det gjeld forbruk – det er bakgrunn for å nytte prognosa frå KKST av 24.09.2018.

Vinje kommune har inntekter får eigedomsskatt på verk og bruk. I 2016 var inntektene ca 61,2 mill, mens dei i 2018 er redusert til 44,8 mill. I skrivande stund har ein ikkje fått dei endelige tala for 2019. I budsjett har ein derfor tatt utgangspunkt i inntekta i 2018 og justert for dei faktorane ein på noverande tidspunkt kjenner til. I økonomiplan har ein tatt høgde for nedgang jf. nye reglar. I Vinje kommune har ein hatt eigedomsskatt på verk og bruk etter 3 c) i eigedomsskattelova. Stortinget vedtok 19. desember 2017 endringar i eigedomsskattelova, som vil tre i kraft 1. januar 2019. Lovendringane inneber mellom ana nye reglar for eigedomsbeskrivning av verk og bruk samstundes som alternativa for utskriving blir endra. Forarbeida er Prop. 1 LS (2017-2018) og Innst. 4 L (2017-2018). Tabellen under syner oversikt over utskrivningsalternativa etter gjeldande reglar og reglane som gjeld frå og med 01.01.2019

§3	Dagens regler	Utskrivingsalternativene fra 2019
a)	faste eigedomar i heile kommunen	faste eigedomar i heile kommunen
b)	faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang	faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang
c)	berre på verk og bruk i heile kommunen	berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum
d)	berre på verk og bruk og annan næringseigedom i heile kommunen	berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum
e)	eigedom både under bokstav b og c	eigedom både under bokstav b og c
f)	eigedom både under bokstav b og d	eigedom både under bokstav b og d
g)	faste eigedomar i heile kommunen, unntake verk og bruk og annan næringseigedom.	faste eigedomar i heile kommunen, unntake næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Utviklinga i skatteinntekter, konsesjonsavgifter og eigedomsskatt har i perioden 2013-2017 hatt ei auke på ca 5,5 % , mens KPI i sama periode er 8%. Det vil sei at ein har hatt ein negativ vekst i desse inntektene, noko som har svekka handlingsrommet til kommunen. Denne verkelegheita må politikarar, tilsette og innbyggjarar take inn over seg og arbeide utifrå. Dette betyr ikkje at Vinje kommune har dårlig økonomi, men når realverdien av desse inntektene er redusera, vil dette setje tydelege spor i dei komande budsjett.

Rådmannen ber politikarane også for denne økonomiplanen, ta omsyn til reduksjon i desse inntektene.

I høve til driftsbudsjettet er det gjerne demografiske tilhøve som folketalsutvikling og alderssamansetjing, som er avgjerande for utgiftsbehovet i kommunane. Samstundes har desse faktorane stor innverknad på nivået for dei statlege overføringane. Meininga er at rammetilskotet skal reflektere at dei ulike aldersgruppene ikkje kostar kommunekassa det same. Yrkesaktive menneske klarar seg i hovudsak sjølv, mens dei yngste skal ha barnehageplass og skuleplass. Dei eldre gjev kostnadar på helse- og omsorgstenestene. Samstundes er det ikkje sikkert at ein får redusert kostnad i tenestetilbodet på grunn av demografiske endringar. Me vil då oppleve at det blir mindre pengar til rådvelde.

I forslaget til statsbudsjett er utgiftsbehovet for 2019 på landsbasis berekna til omlag 277,8 Mrd.kr, dette utgjer 52 287 kr pr. innbyggjar. Dette er ei vekst i utgiftsbehovet frå 2018 på 4,9%. Vinje kommune er 13,27% dyrare å drifte enn landsgjennomsnittet. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet får Vinje kommune tilført 6 939 kr pr. innbyggjar. Kommunane skal i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei ikkje har verknad på sjølv via utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

Kompensasjonane skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med ulik vekt.

Budsjett og økonomiplan er sett opp i faste prisar med ein årleg kostnadsvekst (deflator) i kommunal sektor på 2,8%. Neste års lønnsvekst er isolert sett rekna til 3,25% (utgjer 2/3 av deflator) og prisvekst på varer- og tenestekjøp på om lag 2,1 %.

Tabellen under syner kva for område som får størst utslag:


	Samla	Pleie- og omsorg	Gr.skule	Barnehage	Adm.	Sosialteneste	Helse	Barnevern	Landbruk
Vinje	1,1327	1,2767	1,0904	0,9265	1,3047	0,7516	1,4140	0,7510	3,9426

Av tabellen kan me lese at det, unntake landbruk, er størst utslag innan helse som ligg ca. 41,4 % over snittet. Administrasjon ligg på ca. 30,5 % over snittet og pleie- og omsorg ligg på ca. 27,67 % over snittet. Årsaka er mellom anna mange eldre, samt at det er valt ei ordning med tenester i tre område i kommunen.

For å danne seg eit bilete av utviklinga i planperioden innanfor dei ulike tenesteområda, vil ein under ta ein gjennomgang av utviklingstrekk som innverkar på den kommunale ressursbruken.

Folketalsutvikling og aldersfordeling


I følgje framskrivingar kan Vinje kommune vente ein folkevekst. Figuren under viser at det er venta at folketalet aukar i framtida. Statistisk sentralbyrå har tre ulike framskrivingar avhengig av om det blir høg, middels eller låg nasjonal vekst. Middels folkevekst er hovudalternativet. Det blir også lagt til grunn i Vinje.



Veksten i folketalet i Vinje er avhengig av innflytting. Den grøne stipla lina viser korleis folketalsutviklinga hadde vore dersom ingen hadde flytta inn eller ut. Dette gjeld både innlandsflytting og innvandring frå andre land.

Pensjonistgruppa aukar

Framskrivingane kan brytast ned på gruppennivå. Figuren nedanfor viser tal personar i kvar aldersgruppe i dag og korleis det vil sjå ut i 2020, 2024, 2028 og 2040 om ein nyttar hovudalternativet.



Ut frå tabellen over kan ein lese at pensjonistgruppa vil auke meir enn barnegruppene, og betydeleg meir enn gruppa med folk i arbeidsfør alder. Ein ser at gruppa med folk i arbeidsfør alder faktisk vil reduserast.


Kostnadsdrivarane innan kommunalt helsetilbod er dei yngste og dei eldste. Sidan talet på pensjonistar er venta å auke betydeleg meir enn talet på personar i arbeidsfør alder, vil det bety at kommunen vil måtte halde oppe og truleg auke tenestetilbodet. Samstundes vil det vera eit underskot av arbeidstakrar og skatteytarar.

I 2040 vil 26,06% av befolkninga i Vinje vera 67 år eller eldre mot 18,65% i dag.

Økonomisk status

Kommunen var ved tusenårsskiftet gjennom omfattande omstillingar og nedbemanning. Budsjetsituasjonen er, i eit langsiktig perspektiv, avhengig av ei kontinuerleg innstramming av driftsutgiftene gjennom driftsrasjonalisering og færre tilsette. Det er fleire indikatorar som vert nytta som mål på om ein kommune har kontroll på økonomien. Under vil ein stutt gjennomgå Vinje sin status på desse:

Trass i at to av tre indikatorar fell gjennom, har ein framleis handlingsrom i kommuneøkonomien i Vinje. Tek ein omsyn til den samla fondsbeholdninga kjem ein om lag på 9,5 %. Det gjev likevel ein peikepinn på at gjeldsnivået må ned.

Netto driftsresultat over 1,75 %	Ca 8,2 %	
Netto lånegjeld under 50 % av brutto driftsinntekter	ca. 82,5 %	
Dispositionsfond over 5% av brutto driftsinntekter	Ca 3,1%	

Tabellen under syner utviklinga i planperioden:

	2019	2020	2021	2022
Netto driftsresultat i %	8,17	9,36	10,04	10,49
Dispositionsfond i % av brutto driftsinntekter	3,13	3,18	3,22	3,21
Samla fondsbeholdning av brutto driftsinntekter i %	9,50	9,65	9,76	9,74

Føringar for budsjettarbeidet

Følgjande har vore førande for budsjettarbeidet:

1. Politiske føringar etter budsjettseminar.
2. Behovet for å tryggje drifta av det tenestetilbodet kommunen skal gje dei neste åra, dvs. realistiske budsjettrammer.

Disponibelt for drift

Element som ikkje har stor samanheng med statsbudsjettet:

- Det er budsjettert med 26 mill. kr i konsesjonsavgifter. Desse blir i første omgang avsett til konsesjonsavgiftsfond. Avgiftene blir indeksregulert kvart femte år, sist i 2014. Konsesjonsavgiftene vert først innbetalt heilt i slutten av året, forfall 31.12. Den seine innbetalinga påverkar likviditeten. Om lag 16,7 mill. kr frå konsesjonsavgiftene vert nytta i drifta og om lag 24,7 mill vert nytta til investeringar i 2019. Bruken av konsesjonsavgifter i drifta blir som i 2018 vist direkte i budsjettet på dei aktuelle føremåla.
- Sal av konsesjonskraft er budsjettert med 9,2 mill. kr i 2019, i tråd med førebels budsjett frå konsesjonskraftstyret av 24.09.2018. Dette er noko høgare enn 2018. Låge prisforventningar av KKST, gjer at prognosene er svakare utover i perioden. Desse inntektene blir i sin heilskap avsett til næringsfond, men ein vesentleg del går i neste omgang til å finansiere driftsrammene for næringskontoret og infrastruktur i Teknisk drift og vedlikehald (TDV) sine driftsrammer.
- Renter og avdrag i 2019 er basert på ei gjeld på ca. 570,3 mill. kr (inkludertformidlingslån frå Husbanken) og eit flytande rentenivå på 1,83 % i byrjinga av økonomiplanperioden, og etterkvart ein gradvis auke i rentenivået opp mot 3,14 %.

Vinje kommune samarbeider med Bergen Capital Management om styring av gjeldsportefølgja.

- Det budsjettert med eit utbytte på 4 mill frå VTK i 2019. For resterande selskap er det lagt til grunn sama utbyteforventing frå selskapa i åra som kjem, som ein hadde i 2018-budsjetten.
- Momskompensasjonen på drifta er frå 2013 budsjettert på kvar resultateining. Kompensasjon frå investeringstiltak er trekt ut av drifta og ligg som inntekt i investeringsbudsjettet.

Verknader av statsbudsjettet for 2019

Framlegg til statsbudsjett har store innverknader på alle kommunane sine budsjett, slik også for Vinje.

Rammetilskot og skatteinngang:

Vinje kjem ut med ein nominell vekst på 2,2 % i frie inntekter frå 2018 til 2019, ifølgje utrekningane til Kommunal- og moderniseringsdepartementet dokumentert i det som vert kalla Grønt hefte. Med ein berekna kostnadsvekst i kommunal sektor på 2,8 %, tilseier departementet sitt anslag for Vinjes frie inntekter i 2019 ein realnedgang på rundt - 0,6%.

På bakgrunn av dette er det laga prognosar for Vinje kommune sine inntekter frå skatt og rammetilskot som følgje av framlegget til statsbudsjett:

1 000 kr.	Budsjett /Økonomiplan			Budsjett
	2022	2021	2020	2019
Skatt på inntekt og formue	-109 557	-108 974	-108 851	-109 045
Ordinært rammetilskot	-98 454	-97 442	-98 228	-98 896
Skatt på eigedom	-41 430	-41 430	-42 146	-43 014
Andre direkte/indirekte skattar	-64 043	-64 043	-64 043	-64 043
Andre generelle statstilskot	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000


Line 4 i skjemaet over inneholder naturressursskatt og konsesjonsavgifter.

Rentenivå

Regjeringa tek omsyn til renteutviklinga på amortiseringstilskota knytt til omsorgstenestene og opprusting av skulebygg. Det er teke omsyn til dette i budsjettet for 2019 for Vinje.

Rentenivået er lågt. Det er teke høgde for dette i økonomiplanen, både utgifts- og inntektssida. Kommunen har ein miks av flytande rente og fastrenter av ulik lengde. Durasjonssamdraget under gjev eit bilet på rentebindingane ved utgangen av oktober 2018. Kommunens vekta gjennomsnittsrente er 1,82 % og enkeltlåna varierer mellom 0,69 og 3,8%.

Forfallsintervall	Pålydende i NOK	Kapitalbinding	Prosentvis andel av porteføljen
Under 1 år	260 433 334	0,42	47,59%
1 til 2 år	70 800 000	1,82	12,94%
2 til 3 år	796 950	2,92	0,15%
3 til 5 år	102 974 481	3,99	18,82%
>5 år	112 232 890	8,22	20,51%
SUM	547 237 655	2,88	100,00%



Korte rentebindingar (under 1 år) gjev usikkerheit for samla rentebelastning første året. Medan lengre rentebindingar gjev større tryggleik for kor store renteutgiftene vert, både på kort og lengre sikt.

Pensjonskostnadar

Den totale pensjonsspremien ser ut til å få ei svak auke frå 2018 til 2019. Pensjonsbølgja må finansierast og tidlegare års premieavvik må etter kvart dekkast inn. Reglane om reduksjon i amortiseringstida for premieavvik vil også auke kommunens kostnadar til pensjon.

Vinje kommunes pensjonsmidlar i KLP ligg i såkalla «balansert portefølje» med 14% aksjeandel for tidlegare i år. Det finst alternativ med mindre og høgare aksje-eksponering, men dei fleste kommunar nyttar same alternativ.

Skatteanslag

Regjeringa føreslår at det kommunale inntektsskattøyre for personlege skatteytarar vert redusert med 0,25% til 11,55% i 2019. Igjen er det slik at skattøyre er sett ut frå ei målsetting om at skatteinntektene for kommunane skal utgjere 40 pst. av dei samla inntektene.

Skatteveksten i sum for kommunane er no anslått til 2,4 % nominelt for i år, mens 1,8 % for neste år. Det er budsjettet med ein auke på 0,98 % i skatteinntektene for Vinje i 2019, der det er naturleg teke høgde for kommunen si spesielle samansetting av skatteinntektene ved at ein stor del utgjer naturressursskatt. Satsen for naturressursskatt ligg igjen fast, dvs. er heller ikkje no foreslått justert for prisvekst frå sentralt hold.

Prisar og gebyr på kommunale tenester

Kommunestyret fastset prisar på kommunale tenester. Dei aktuelle tenestene med betaling er:

- Barnehagar og SFO
- Plan- og byggesaker, kart og oppmålingstenester
- Leigeprisar for samfunnshusa
- Betalingssatsar for heimehjelp
- Kommunale avgifter for vatn, avløp
- Renovasjonsavgift
- Slam og septikk
- Feiegebyr
- Prisar for kultur- og musikkskulen
- Satsar for sals- og skjenkegebyr
- Friskliv
- Landbruksvikar
- Motorferdsel

Budsjettframlegget legg i varierande grad opp til prisauke på kommunale tenester. Dei kommunale gebyra for vatn og avløp er sett til sjølvkost frå og med 2013. Årlege feie- og renovasjonsavgifter vert fastsett som tilrådd av styra for samarbeida. Kommunale avgifter for vatn og avløp er uendra frå 2018 til 2019. Feiring aukast med 20% og slam med 10% frå 2018 til 2019. Den største endringa i gebyr for 2019 finn ein under reguleringsplanar. Her har ein vald å auke dei fleste gebyra med 20%. Bakgrunnen for dette er todelt. For det første har ser ein inntektene er for låge til å dekkje dei kostnadane kommunen har med desse planane. For det andre ser ein at gebyra for private reguleringsplanar framleis ligg låg samanlikna med samanliknbare hyttekommunar. Gebyr for mindre endring av reguleringsplan adm. og politisk handsaming har fått ei kraftig auke. Dette fordi ein ser at desse endringane krev mykje meir arbeid enn ein tidligare har budsjettera med, samstundes som fleire endringar no blir handsama som mindre endring. Vidare har ein auka byggesaksgebyr for 2019 med deflator.

Buffer

Løns- og prisvekst

Det er lagt inn midlar til å kompensere for løns- og prisvekst i buffer.

Prisveksten kan leggjast ut til einingane gjennom eit påslag, men utfordringa er at prisar utviklar seg ulikt for ulike einingar. Dette tilseier at ein gjer konkrete vurderingar og aukar budsjettrammer for einingane på ein meir direkte måte.

Lønsveksten for den enkelte eininga blir klart når lønsoppgjer og lokale forhandlingar er ferdige. Då veit vi kva dei ulike einingane vil få i lønsvekst og midlar vert tilført etterkvart frå sentral buffer. Vi har eit system etter denne modellen som fungerer bra i dag.

Det er lagt inn følgjande til midlar for å dekke løns- og prisvekst i perioden:

2019	2020	2021	2022
10 395 395	21 229 180	29 120 697	36 729 300

Det er rekna med årleg lønsvekst 3,25 % og ein inflasjon på 2,1 % pr. år i tråd med det statsbudsjettet legg til grunn. Bufferane for dei tre siste åra i planperioden er ikkje avrekna mot nedskjeringsbehovet og er difor etter måten høge.

Pensjon

Kommunane får kvar haust aktuarberekingar frå KLP og SPK, som syner forventa kostnad i budsjettåret ein er inne i. Det er difor meir krevjande å stipulere kostnadsutviklinga framover. Samstundes kjenner ein til at Vinje kommune har eit premieavvik som må dekkast inn. For å ta høgde for dette har ein tidlegare hatt pensjonsbufferen til å dekke ein pensjonsutgiftsvekst utover lønnsveksten, men frå 2018 har ein ikkje hatt rom for å ha eit slikt buffer.

Gjesteelevar

Ansvaret for utgifter og inntekter knytt til gjesteelevar, dvs. inntekter og elevar frå andre kommunar som går på Vinje-skulane og utgifter knytt til elevar frå Vinje som går på skular i andre kommunar, ligg framleis i sentral buffer.

Buffer for elevar med særskilde behov

Bufferen til elevar med særskilde behov er vidareført med kr 300 000,- i økonomiplanperioden.

Nedskjeringsar

Eit sentralt tiltak for å få driftsbudsjettet i balanse, har vore å auke inntektene samt redusere driftsnivået noko. Økonomiplanen føreset kontinuerleg nedbemanning eller andre driftsinnskrenkingar kvart einaste år i planperioden.

Kommentarar knytt til dei einskilde einingane

Det er lagt inn endringar for dei fleste resultateiningane, samt einskilde nye tiltak. Desse korrigeringane går fram av budsjettetskjemaet for kvar eining. For å få budsjettet i balanse har rådmannen justert ramma til fleire av einingane, spesifikasjonen går fram av tabellane under.

Endring skulemat

Vinje kommune har hatt gode erfaringar med skulemat og ynskjer å vidareføre ordninga. For budsjettåret 2018 vedtok kommunestyret at skulane hadde eit budsjett på kr 3 250 pr. elev. I etterkant av dette vedtaket har ein fått tilbakemelding på at dette budsjettet syner å vera for låg for å kunne dekke dei reelle kostnadane. Dette spesielt med tanke på om ein skal følgje retningsliner frå Helsedirektoratet på kva ein lunsj på innehalde. Rådmannen vil difor rå til å auke ramma med kr 750 pr. elev. Total årleg kostnad pr. elev blir då kr. 4 000,- pr. elev. Det tilsvara ein dagskostnad på 21,- pr elev. Denne endring i skulematen vil føre til ei kostnadsauke på kr. 310 000 pr. år.

Stenging av avd. Vinje

I framlegg til budsjett rår rådmannen til at ein legg ned avd. Vinje ved Åmot barnehage. Ved oppstart av barnehageåret 2019/20 er ein nede i 6 barn på denne avdelinga, og rådmannen vurderer det til å vere eit for lite sosialt miljø for ungane. Ved å stogge drifta på Vinjar når nye Åmot barnehage er ferdig kan ein også spare eitt årsverk tilsvarande kr 500 000 for barnehagedelen.

Kostnadsreduksjon:

Eining	Tiltak	Sum
Fellestenesta	Sumararbeid for ungdom	-400
Fellestenesta	Mellombels reduksjon i stilling	-600
Barnevern	Endra kostnadene i følge VTBV	-432
Rauland skule	Endring i utgifter til ressurskrevjande brukerar	-128
Rauland skule	Endring kostnadene skulemateriell	-218
Åmot skule	Endra utgifter til ressurskrevjande brukerar	-4 735
Åmot skule	Endring kostnadene skulemateriell	-235
Edland skule	Reduksjon i utgifter til ressurskrevjande brukerar	-207
Edland skule	Endring kostnadene skulemateriell	-139
Øyfjell oppvekstsenter	Endring kostnadene skulemateriell	-77
Åmot barnehage	Endring kostnadene ved stenging avd. Vinje	-229
Rauland barnehage	Sumarstengt barnehage	-20
Helse- og omsorg	Endra kostnadene omsorgstiltak	-1 280
Helse- og omsorg	Midlertidig red. lønsutg.	-400
Helse- og omsorg	Reduksjon - ein avd. sjukeheimen	-3 500
Helse- og omsorg	Andel Jegerbergsgaard	-84
Kultur	Vakante stillingar	-460
Teknisk drift	Reduserte husleigeutg. Coop	-730
Teknisk drift	Endra fordeling løn - sjølvkost	-215
Næringskontoret	Opplysing av TIN	-75
Total		-14 164

Auka inntektskrav:

Eining	Tiltak	Sum
Edland skule	Tilskot frå UDI	-1 410
Øyfjell oppvekstsenter	Endra inntekter barnehage	-260
Åmot barnehage	Endra inntekter barnehage	-201
Åmot barnehage	Fjerning av gratis barnehage avd. Vinje	-154
Rauland barnehage	Endra inntekter barnehage	-521
Edland barnehage	Endra inntekter barnehage	-48
Teknisk drift	Auka husleigeinntektar	-400
Helse- og omsorg	Statlege refusjonar	-2 500
Helse- og omsorg	Refusjonar frå private	-250
Total		-5 744

Kommunale bustadtilskot

Vinje kommune har frå 2013 hatt ei ordning med kommunalt bustadtilskot. Ordninga gjeld for nye etablerarar ved bygging av nye hus. Ordninga skil ikkje mellom bustadhus i felt, frittliggjande hus i grender eller leilegheitsbygg. Bakgrunnen for kommunalt bustadtilskot var på det tidspunktet det blei vedteke at ein framleis ville stimulere til nybygging i ein periode der etableringskostnadane for husbyggjarar var i stadig vekst. Sjølv med aktiv bruk av

Husbanken sine støtte- og låneordningar fann ein at ein ikkje, på grunn av behovsprøvingsreglar og avgrensa midlar per kommune, fekk lik handsaming av "like tilfelle" frå år til år. På same tid gjekk ein og over frå anleggsbidrag til tilkoplingsgebyr, der hytter og hus skal handsamast likt. Dette bidrog til å auke kostnadane for husbyggjar ytterligare. For å stimulere til vidare husbygging i Vinje kommune vedtok ein difor ordninga med kommunalt bustadtilskot.

Midlane til ordninga blir lagt til ramma til Fellestenesta i revidert budsjett på hausten ettersom ein tilskotet variera frå år til år avhengig av tal nyetableringar. Dei siste 5 åra har følgjande summar blitt utbetalet:

	2018	2017	2016	2015	2014
Kommunale Bustadtilskot	kr 782 000	kr 840 606	kr 819 874	kr 513 183	kr 797 294

Helse og omsorg

Budsjettframlegget føreset drift på nivå ved utgangen av 2018. Sjukeheimen vil fortsett ha 34 plassar, 25 langtidsplassar, 7 korttidsplassar og 2 KAD-plassar. Uspesifiserte kutt i budsjettet for 2018 er innarbeidd i reduksjonen i sjukeheimstilbodet. Omsorgstiltak som til og med fyrste halvår 2018 blei kjøpt av ekstern leverandør, er overtatt av kommunen. Andre reduksjonar i tenester og tiltak som er gjennomført i 2018 er føresett vidareførd.

Forslaget til Statsbudsjett legg foringar for å sikre at kommunane fortsett prioriterer helsestasjons- og skulehelseteneste. Dette er fylgd opp ved å legge inn veksten frå 2018 til 2019. Innslagspunktet for ressurskrevjande tenester er i budsjettforslaget justert opp i tråd med foringar gitt i statsbudsjettet. Auken ut over det som fylgjer av anslått lønsvekst for 2018 er 50 000 kr. per brukar. Dette beløpet er lagt inn, men det er ikkje tatt høgde for lønsvekst. Kompensasjonsgraden blir halden uendra på 80%.

Nytt tiltak er 60% stilling som demenskoordinator. Dette i tråd med Kommunedelplan Helse og omsorg 2017 – 2030, Demensplan 2020 og den nye eldrereforma «Leve hele Livet», som har oppstartsår i 2019. Stilling som demenskoordinator har vore ein mangel i tenestekjeda i Helse og omsorg dei seiste åra, ikkje minst i høve til oppfølging av heimebuande demente og deira familiar.


Demografisk utvikling, fleire oppgåver og kompetansekrav og kompetansebehov tilseier eit fortsett stort fokus på kompetanseutvikling. Dette gjeld fleire yrkesgrupper og inkluderer fortsett satsing på læreplassar i helsefag. Midlar til å kompensere for bakvakt for legar som ikkje fyller kompetansekrav på legevakt er trekt ut av ramma. Dette som fylgje av at iverksettingstidspunkt er utsett til 2020. Kommunen er ansvarleg for å sikre forsvarlege tenester og vil likevel ha bakvakt for turnuslegar og elles gjere konkrete vurderingar i kvart tilfelle.

Vest-Tekmarksommunane har i fellesskap vald å satse på innføring av mobil omsorg. Omlegging av driftsmiljø for IT gjer at dette må utsettast til 2019. Innføring av digitale tryggleiksalarmer blir også utsett til 2019, som fylgje av reglar kring innkjøp.

Vatn og avløp – sjølvkostprognosar fram mot 2025

Vatn sjølvkostkalkyle 2012-2025


Basera på prognose med 65 nye fritidsabonnentar pr. år.
Investeringar hovedplan 2013-2017 med nokre korrigeringar jmf økplan 2019-2022
0% gebyrake frå 2018 - 2019



Figur1: Endring i vassavgiftene fram mot 2025.


Avløp sjølvkostkalkyle 2012-2025

Basera på prognose med 65 fritidsabonnentar pr. år
Investeringar iht. hovedplan 2013-2017 med nokre korrigeringar jmf økplan 2019-2022
0% auke frå 2018 -2019




Figur 2: Endring i avløpsavgiftene fram mot 2025.

Gebyr samanlikna med andre kommunar



Figur 1 Tala er henta frå KOSTRA 2018-tal



Figur 2 Tala er henta frå KOSTRA 2018-tal

INNKOMNE SØKNADAR

NIA- Norsk Industriarbeidermuseum

NIA arbeider med utvikling og realisering av prosjektet *Jakten på tungtvannskjelleren-Hydrogenfabrikken på Vemork*. I samband med dette prosjektet er det søkt om støtte frå Vinje kommune på kr 1 000 000. I følgje søknaden skal midlande brukast til etablering av sikrings- og museumsbygg over restane av tungtvannskjellaren. Rådmannen tilrår at ein støttar prosjektet med kr 200 000.

Øyfjell Bygdemuseum

Øyfjell bygdemuseum gjeng med planar om å ruste opp anlegga deira. Styret har planer om å føre opp to mindre bygg, kjøken/kafé og toalett/garderobe. Styret har antyda at arbeide vil koste i underkant av 2 millionar kroner. Dei søker kommunen om økonomisk støtte til dette arbeidet- samstundes som dei ynskjer at Vinje kommune står som byggherre. Ein har ikkje funnet plass i budsjettet til å imøtekoma søknad om økonomiske midlar. På grunn av stort press på drifta har ein heller ikkje høve til å stå som byggherre på andre enn kommunens primæroppgåver.

Haukelirennet

Haukelirennet har i samband med budsjettet søkt om støtte til Haukelirennet 2019- og i åra framover. I søknaden er det ikkje spesifisera kva konkret ein søker om støtte til- ei heller er det ikkje oppgjeve søknadssum. Med bakgrunn i dette har ein ikkje hatt nok grunnlag til å vurdera søknaden. Ein oppmodar difor Haukelirennet til å komma tilbake med ein meir utfyllande søknad med ein konkret søknadssum.

Bygdesoge i Øyfjell

Øyfjell Bygdemuseum og Vest-Telemark Museum har fått tilskot til å skrive bygdesoge for Øyfjell sokn i tre år nå. Dei søker no om tilskot for å to nye år. Ein ser positivt på arbeidet. Formannskapet vedtok å imøtekoma søknaden med kr 120 000, da dei handsama budsjettet.

Ladepunkt

Det har kome ønske om etablering av fleire ladepunkt i kommunen. Forslaget går ut på 4 ladepunkt ved kommunehus i Åmot, 4 ved helsesenter/legevakt, 4 ved Rauland skule og 4 ved Edland skule. Det er uvist kva det vil koste, men er antyda ca kr 1,5 mill. Ein har ikkje funne plass i budsjettet til å imøtekoma forslaget.

INVESTERINGAR

Vinje kommune har dei seinare åra hatt fleire store investeringar innom vatn og avløp. Vågsli reinseanlegg er ein av dei store enkeltprosjekt som vert gjennomført i 2017, 2018 og 2019. Edland skule har vore planlagt ein del år med nytt inngangsparti samt fornying av klasserom og arbeidsrom, vonlege kjem dette arbeide i gang i løpet av 2019. Åmot barnehage er venta ferdigstilt hausten 2019. Totalt ligg det inne investeringar for om lag kr 196,2 mill i planperioden 2019-2022.

Kyrkja

Kyrkja har tidlegare fått kr 700 000 i løyving for drenering av Kyrkjegardar Øyfjell og Vinje kyrkje. Det er trong for kr 150 000 i tilleggsloøyving i 2019 slik at ein får ferdigstilt prosjektet.

Adressering

Hytteadressering blir ferdig i Rauland 2018 – det må løvvast om lag kr 500 000 for 2019 for hytteområda i Øyfjell og Vågsli.

Edland Skule

Prosjektet omfattar nytt inngangsparti samt omdisponering av lokale og generell oppdatering av bygningsmasse. Kostnadsramme kr 25 mill. Rehabilitering av Edland skule har blitt utsett til våren/sommaren 2019 på grunn av manglende interesse hjå entreprenørane. Det er von om oppstart våren 2019 – ferdig sommaren 2020

Åmot Barnehage

Det er ein vesentleg ombygging med ei ekstra avdeling. Samla kostnad om lag kr 28 mill. Påbyrja hausten 2018 og truleg ferdig sommaren 2019. Budsjettet er justert noko i denne økonomiplanen. Det skuldast mellom anna ynskje om å etablere nokre fleire p-plassar ved barnehagen.

Norheimstunet

Prosjektet er påbyrja seint hausten 2018 og ferdig sommaren 2019

Vinjesenteret

Vinjesenteret er under planlegging og TDV er klar til å sette i gang når finansiering kjem på plass. Det var lagt opp til kr 26,5 mill i perioden 2018-2020 men ei fullfinansiering krev ei samla investeringsramme på kr 33 mill inkl mva.

Vågsli reinseanlegg

Reinseanlegget vert ferdigstilt i løpet av 2019

G/S Haddland

Vidareføring av g/s veg på Haddland fram til Harkjestaulvegen er eit krevjande prosjekt og det er søkt om løvyingar frå statens vegvesen med 50% og 50% frå aksjon skuleveg midlar. Økonomiplanen legg opp til totalt kr 19 mill i perioden 2019-2020. Ein føresetnad er at det vert utarbeidd utbyggingsavtaler med Fylkeskommunen slik at kommunen får momskompensasjon.

Tursti i Rauland sentrum

Det er nytta om lag kr 900 000 i 2018 og har fått tilsagn om kr 825 000 i tilskot frå spelemidlar. Vinje kommune må difor løvve sin eigendel og noko tillegg for gjennomføring av påbyrja prosjekt totalt kr 825 000 i 2019.

Brannbil

Det er bestilt ny brannbil i Åmot og levering er venta i fyrste halvdel av 2019

Brannstasjon Åmot

Det er naudsynt med rehabilitering av brannstasjonen i Åmot og det er tenkt samlokalisering med sivilforsvaret. Eksisterande brannstasjon er lokalisera saman med den gamle telesentralen som no er koblingstasjon for Telenor. Kostnadsbiletet er noko usikkert med om lag kr 10 mill. Oppstart 2019 – ferdig 2020

Åmot vassverk

Vassverket må totalrehabiliterast med nytt filter- ombygging / nytt høgdebasseng – ny brønn ved Langenes – nytt rør for tilførsel. 2019 – 2020 kr 23 mill.

Kommuneverkstaden

Kommuneverkstaden treng rehabilitering av eksisterande bygg /-asbestsanering.

Haukeli reinseanlegg

Reinseanlegget treng ny slambehandling i 2019

Ombygging av legekontor/legevakt

Planlegging for ombygging av legekontor/legevakt for samlokalisering av legekontor i Vinje samt utbetring av publikumsmottak og sentralbordfunksjon. Planlegging vert finansiert frå forprosjekt bygg omsorg.

Raulandsakademiet

I høve fornying av leigeavtala mellom USN og Raulandsakademiet er det komme nokre ynskjer og krav frå USN i høve bygget. Dette for å sikre at avdelinga oppfyller forskriftskrav iht. universell utforming, samt for å sikre attraktive og moderne skuleareal for framtida. I tillegg har Raulandsakademiet etter kvart behov for noko oppgradering av eksisterande bygningsmasse, både mht. tekniske fag, brannsikring, og bygningsmessige overflater.

Det vil difor i åra 2019 – 2021 bli utført omfattande ombyggingar, samt noko påbygg ved Raulandsakademiet for å fornye universitetsdelen av bygget. Ombygginga er totalt kostnadsbereken til kr 23,5 mill kr. Raulandsakademiet ynskjer at Vinje kommune er med å finansierar utbygginga og rådmann har difor lagt inn auka aksjekapital i perioden 2019 – 2021. Gjennomføringa av prosjektet avhenger av at det teiknast ei ny 20 – års leigeavtale mellom USN og Raulandsakademiet.

FONDSMIDLAR

Konsesjonsavgiftsfondet

Eigenkapitalen i investeringane er i stor grad det ein har tilgjengeleg av konsesjonsavgifter. Konsesjonsavgiftene vert ikkje innbetalt før heilt på slutten av året, med forfall 31.12. Når desse inntektene blir disponert gjennom året belastar dette likviditeten i stor grad. I løpet av planperioden burde ein difor ha bygt opp konsesjonsavgiftsfondet slik at konsesjonsavgiftene er komne inn før ein deler dei ut. Med andre ord burde konsesjonsavgiftsfondet ha ein grunnkapital på ca. 26 mill. kr. Dette let seg ikkje gjera då dei årlege konsesjonsavgiftene langt på veg blir nytta fullt ut i budsjettframlegget.

Som nemnt inneber budsjettframlegget at store delar av konsesjonsavgiftene, ca. 64 %, vert brukt i drifta i 2019. Dette reduserer trangen for driftskutt, men inneber at nye investeringar i større grad må finansierast med låneopptak i komande økonomiplanperiode.

Kommunestyret hadde ein gjennomgang av retningslinene for bruk av konsesjonsavgifter våren 2004, jf. K-sak 56/04. Denne gjennomgangen syner at konsesjonsavgiftene kan nyttaast

til å finansiere dei fleste kommunale investeringstiltaka. På driftsbudsjettet er det meir avgrensa høve til å nytte konsesjonsavgiftene som finansiering. I utgangspunktet skal konsesjonsavgifter ikkje nyttast til den daglege drifta, men det er nokre unntak: Driftsutgifter som er knytt opp mot næringsutvikling, fysisk tilrettelegging herunder planlegging, drift av næringsarbeidet herunder løn til næringsmedarbeidarar (dette vil i praksis seie drift av Vinje næringskontor) og til å dekkje avdrag på lån.

Konsesjonsavgiftsfondet	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Disponibelt 1.1.	32 298	43 737	7 620	24 893	9 082	1 710	7 838
Inntekter	25 650	40 650	35 891	26 047	26 047	26 047	26 047
Overføring - kraftfond Møsstrond	0	428	428	428	428	428	428
Bruk drift	10 377	21 446	16 709	16 709	16 709	16 709	16 709
Bruk investering	3 834	54 893	1 481	24 721	16 282	2 782	1 582
Disponibelt 31.12	43 737	7 620	24 893	9 082	1 710	7 838	15 166

Konsesjonsavgiftsmidlane i Møsstrond Bustadfond skal frå 01.01.2017 inngå i Kraftfond – Møsstrond jf. K-sak 16/42.

Næringsfond

Det som kjem av midlar til å styrke næringsfondet er inntekter frå sal av konsesjonskraft gjennom "Avtale om disponering av konsesjonskraft". Avtalepartane er Tinn, Hjartdal, Vest-Telemarkkommunane og fylkeskommunen. Verdien av dette salet er redusert mot tidlegare års 2 og 8-kommunarsavtala, ettersom fylket framover får hand om meir av midlane enn før. Næringsfondet ligg an til å få ein reduksjon i økonomiplanperioden. Ein del av dei årlege inntektene blir nytta i drifta og i varierande grad i investering. Dei vil difor ikkje vera disponible på næringsfondet.

Dette betyr likevel at midlar til næringsutvikling ikkje i same grad som tidlegare er avgrensa til det som ligg i rammene på næringskontoret. I følgje vedtekten for bruk av næringsfondsmidlar, kan desse nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og tryggje busetnaden i kommunen. Dette omfattar tiltak m.a. næringstiltak, bustadtiltak og samferdselstiltak.

I denne økonomiplanperioden har ein redusert bruken av fondet. Det blir nytta 8,9 mill. kr i drift, mot 7,3 mill. kr i 2017. Det er fordelt med 5,3 mill. kr på næringstiltak (Næringskontoret) og 3,5 mill. kr til infrastruktur (TDV). **Frå 2022 er det ikkje rom for å nytte like mykje midlar til desse føremåla på drift.**

Næringsfondet	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Disponibelt 1.1.	19 856	15 047	5 432	5 087	5 423	4 283	2 299
Inntekter	7 747	8 170	8 515	9 196	7 720	6 876	7 348
Bruk drift	10 010	7 310	8 860	8 860	8 860	8 860	8 860
Bruk investering	2 546	10 475	0	0	0	0	0
Disponibelt 31.12	15 047	5 432	5 087	5 423	4 283	2 299	787

Kapitalfond

Etter bortfall av anleggsbidragsordninga blir det i mindre grad avsett midlar til kapitalfond i investeringsbudsjetten. Her vil ein ha følgjande disponible midlar i økonomiplanperioden:

Kapitalfond	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Disponibelt 1.1.	12 074	6 092	5 222	5 222	5 222	5 222	5 222
Inntekter	2 000	0	0	0	0	0	0
Bruk investering	7 982	870	0	0	0	0	0
Disponibelt 31.12	6 092	5 222					

Andre fondsmidlar

Det blir avsett nokre midlar til disposisjonsfond og her vil ein ha følgjande disponible midlar i økonomiplanperioden:

Disposisjonsfond	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Disponibelt 1.1.	16 776	13 821	5 664	1 520	1 401	1 401	1 401
Inntekter	1 984	7 232	8 557	0	0	0	0
Bruk drift	992	13 389	12 701	119	0	0	0
Bruk invest.	3 947	2 000	0	0	0	0	0
Disponibelt 31.12.	13 821	5 664	1 520	1 401	1 401	1 401	1 401

Kraftfond - Møsstrond

Ved kongeleg resolusjon av 13.02.2015 fekk Øst-Telemarkens Brukseierforening nytt løyve til tilleggsregulering av Møsvatn på vilkår som følger av Olje- og energidepartementet sitt foredrag av same dato. Konsesjonæren har betalt inn kr 25 mill. til kommunen som er avsett til næringsfond. Kommunestyret har i K-sak 16/42 vedteke:

1. **Møsstrond Bustadfon bli avvikla pr. 31.12.2016.**
2. **Eventuelle restmidlar i Møsstrond Bustadfon pr. 31.12.2016 skal overførast til Kraftfond - Møsstrond.**
3. **Konsesjonskraftmidlane i Møsstrond Bustadfon skal frå 01.01.2017 inngå i Kraftfond -Møsstrond.**
4. **Framlegg til vedtekter for kraftfond – Møsstrond vert vedtekne slik dei legg føre, med desse endringane:**

S3-1 Føremål

Avkastninga av kraftfond – Møsstrond skal i hovudsak nyttast til næringsføremål og kommunale og private fellestiltak på Møsstrond. Det kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmidlar i området. Fondskapitalen kan i særskilte høve nyttast på same måte som avkastninga.

Kraftfond - Møsstrond	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Disponibelt 1.1.	25 123	25 609	26 237	26 665	27 105	27 545	27 985
Inntekter/avvkasting	486	800	600	612	612	612	612
Deil av konsesjonsavg.	0	428	428	428	428	428	428
Bruk	0	600	600	600	600	600	600
Disponibelt 31.12	25 609	26 237	26 665	27 105	27 545	27 985	28 425

Det er ikkje laga eige budsjett for bruk av midlane, men ein har lagt til grunn ei foreløpig prognose i planperioden. Denne vil bli justert når ein har meir erfaring.

GJELDSSITUASJONEN

Lånegjelda i kommunen held fram med å auke. Ved utløpet av 2018 er total lånegjeld på om lag 515,3 mill. kr. KOSTRA-tal for 2018 syner at det svarar til ei netto lånegjeld på kr 117 695 per innbyggjar, mens gjennomsnittet i kommunegruppe 3 som Vinje høyrer til er kr 89 208. I økonomiplanperioden er det gjort framlegg om å ta opp nye lån med i alt 116 mill. kr.

	2015	2016	2017	% vis auke frå 2015
Vinje	97 134	104 256	117 695	21,17%
K. gruppe 03	78 307	85 532	89 208	13,92%
Landssnitt	59 798	63 988	66 830	11,76%

Tabellen viser gjeld pr. innbyggjar i perioden 2015-2017, og ein ser at gjelda i Vinje har auka meir enn gjennomsnittet i kommunegruppe 3 og landssnittet.

Låneopptaka er i hovudsak knytt til vass- og avløpsinvesteringar. Med ein så stor andel lån, er det vesentleg å orientere kort om kva del av gjelda som blir eksponert for mogleg renteauke framover. Ei presisering frå Miljøverndepartementet til interesseorganisasjonen «Norsk Vann» frå november 2012 slår fast at ein kan leggje til grunn faktiske renteutgifter i sjølvkostberekingar. Dette inneber at denne delen av kommunens gjeld ikkje har same budsjetttrisiko som tidlegare låneopptak, all den tid den er avgiftsfinansiert.

Med desse føresetnadane vil lånegjelda ved utløpet av året utvikle seg slik:

Gjeldsutvikling	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Saldo 1.1	410 287	432 604	468 646	515 270	549 495	578 453	575 411
Låneopptak	38 000	52 500	65 000	55 000	52 000	20 000	0
Avdrag	15 683	16 458	18 376	20 775	23 042	23 042	23 042
Ekstraordinære avdrag							
Saldo 31.12	432 604	468 646	515 270	549 495	578 453	575 411	552 369

Rådmannen har også fullmakt til å ta opp mellombelse likviditetslån på inntil 15 mill. kroner.

BUDSJETTSKJEMA

Budsjettkjema 1 A – Driftsbudsjettet

1 000 kr.	Budsjett / Økonomiplan			Budsjett	Budsjett	Rekneskap
	2022	2021	2020	2019	2018 rev.	2018
1 Skatt på inntekt og formue	-109 557	-108 974	-108 851	-109 045	-108 727	-108 727
2 Ordinært rammetilskot	-98 454	-97 442	-98 228	-98 896	-94 683	-94 683
3 Skatt på eigedom	-41 430	-41 430	-42 146	-43 014	-40 199	-40 199
4 Andre direkte/indirekte skattar	-64 043	-64 043	-64 043	-64 043	-61 810	-61 810
5 Andre generelle statstilskot	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 082	-1 082
6 Sum frie disponibele inntekter	-314 484	-312 889	-314 268	-315 998	-306 501	-306 501
7 Renteinntekter og utbyte	-7 567	-7 567	-7 567	-7 567	-7 034	-6 354
8 Renteutg., prov. og andre finansutg.	19 395	17 042	14 209	11 049	9 391	10 191
9 Avdrag på lån	23 042	23 042	23 042	20 775	18 375	18 375
10 Netto finansinntekter/utgifter	34 870	32 517	29 684	24 257	20 732	22 212
11 Til dekking av tidl. års rekn.m. meirforbruk	0	0	0	0	0	0
12 Til ubundne avsetjingar	0	0	0	0	500	7 232
13 Til bundne avsetjingar	26 043	26 043	26 043	26 043	25 650	25 650
14 Bruk av tidl.års reknesk.m.mindreforbruk	0	0	0	0	-11 783	0
15 Bruk av ubundne avsetjingar	0	0	0	0	-5 208	-2 335
16 Bruk av bundne avsetjingar	-8 835	-8 835	-8 835	-8 835	-8 835	-4 072
17 Netto avsetjingar	17 208	17 208	17 208	17 208	324	16 815
18 Overført til investeringsrekneskapen	0	0	0	0	0	0
19 Til fordeling drift	-262 406	-263 164	-267 376	-274 533	-285 445	-267 474
20 Sum fordelt til drift (frå skjema 1 B)	262 406	263 164	267 376	274 533	285 445	267 474
21 Meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	0	0	-11 784

Budsjettkjema 1 B - Driftsrammer til einingane

BUDSJETT-TAL DRIFT							
1000 kr.	Opphavleg 2018	Endringar i året	Revidert 2018	Ramme 2019	Ramme 2020	Ramme 2021	Ramme 2022
Disponible frie inntekter	-306 501	0	-306 501	-315 998	-314 268	-312 889	-314 484
Sum finans netto	39 027	0	39 027	41 465	46 892	49 725	52 078
Til fordeling på drift	-267 474	0	-267 474	-274 533	-267 376	-263 164	-262 406
SUM DRIFT	267 474	17 970	285 445	274 533	267 376	263 164	262 406
Nedskjeringer	0				-23 547	-37 786	-44 410
Bufferar	8 730	-8 298	432	10 395	21 229	29 121	36 729
Særavtale	-24 553	-169	-24 722	-33 799	-29 945	-26 763	-26 454
<i>Herav utgifter</i>	11 863	0	11 863	0	0	0	0
<i>Inntekter</i>	-36 416	0	-36 416	-33 799	-29 945	-26 763	-26 454
Ansvar 91*	-8 004	-2 688	-10 692	-8 652	-7 250	-7 250	-7 250
<i>Tap på krav, Konsesj.kraft</i>	8 250	0	8 250	11 131	10 076	9 192	9 106
<i>Flyktningstsk</i>	-16 254	-2 688	-18 942	-19 783	-17 326	-16 442	-16 356
Sjølvkostområda	-15 760	0	-15 760	-15 971	-15 971	-15 971	-15 971
<i>Herav utgifter</i>	36 950	0	36 950	43 159	43 159	43 159	43 159
<i>Inntekter</i>	-52 710	0	-52 710	-59 130	-59 130	-59 130	-59 130
Rådmannen:	3 273	275	3 548	3 808	3 808	3 808	3 808
<i>Herav utgifter</i>	3 582	275	3 857	3 917	3 917	3 917	3 917
<i>Inntekter</i>	-309	0	-309	-109	-109	-109	-109
NAV	3 861	189	4 050	3 904	3 904	3 904	3 904
<i>Herav utgifter</i>	3 893	189	4 082	3 936	3 936	3 936	3 936
<i>Inntekter</i>	-32	0	-32	-32	-32	-32	-32
Barnevern:	6 213	3 800	10 013	5 781	5 781	5 781	5 781
<i>Herav utgifter</i>	6 213	3 800	10 013	5 781	5 781	5 781	5 781
<i>Inntekter</i>	0	0	0	0	0	0	0
Økonomi, Plan og Utvikling	13 296	3 105	16 401	14 149	14 149	14 149	14 149
<i>Herav utgifter</i>	16 367	3 105	19 472	17 220	17 220	17 220	17 220
<i>Inntekter</i>	-3 071	0	-3 071	-3 071	-3 071	-3 071	-3 071

BUDSJETT-TAL DRIFT							
1000 kr.	Opphavleg 2018	Endringar i året	Revidert 2018	Ramme 2019	Ramme 2020	Ramme 2021	Ramme 2022
Fellestenesta:	19 407	561	19 968	21 073	21 073	21 073	21 073
Herav utgifter	23 883	561	24 444	25 489	25 489	25 489	25 489
Inntekter	-4 476	0	-4 476	-4 416	-4 416	-4 416	-4 416
Rauland skule:	17 266	171	17 437	17 604	17 604	17 604	17 604
Herav utgifter	18 069	171	18 240	18 407	18 407	18 407	18 407
Inntekter	-803	0	-803	-803	-803	-803	-803
Åmot skule:	20 576	5 462	26 038	19 860	19 860	19 240	17 794
Herav utgifter	27 508	5 462	32 970	26 792	26 792	26 172	24 726
Inntekter	-6 932	0	-6 932	-6 932	-6 932	-6 932	-6 932
Edland skule:	14 339	755	15 094	12 913	12 913	12 607	12 001
Herav utgifter	14 849	755	15 604	14 833	14 833	14 527	13 921
Inntekter	-510	0	-510	-1 920	-1 920	-1 920	-1 920
Øyfjell oppvekstsenter:	7 828	597	8 425	8 638	8 638	8 638	8 638
Herav utgifter	8 729	597	9 326	9 634	9 634	9 634	9 634
Inntekter	-901	0	-901	-996	-996	-996	-996
BUDSJETT-TAL DRIFT							
1000 kr.	Opphavleg 2018	Endringar i året	Revidert 2018	Ramme 2019	Ramme 2020	Ramme 2021	Ramme 2022
Åmot barnehage	11 063	1 161	12 224	12 383	12 383	12 383	12 383
Herav utgifter	12 564	1 161	13 725	14 010	14 010	14 010	14 010
Inntekter	-1 501	0	-1 501	-1 627	-1 627	-1 627	-1 627
Rauland barnehage:	10 072	1 479	11 551	11 137	11 137	11 137	11 137
Herav utgifter	11 742	1 479	13 221	13 028	13 028	13 028	13 028
Inntekter	-1 670	0	-1 670	-1 891	-1 891	-1 891	-1 891
Edland barnehage:	5 467	222	5 689	5 460	5 460	5 460	5 460
Herav utgifter	6 153	222	6 375	6 221	6 221	6 221	6 221
Inntekter	-686	0	-686	-761	-761	-761	-761
Helse og omsorg:	118 503	2 664	121 167	128 141	128 141	128 141	128 141
Herav utgifter	144 483	2 664	147 147	150 301	150 301	150 301	150 301
Inntekter	-25 980	0	-25 980	-22 160	-22 160	-22 160	-22 160
BUDSJETT-TAL DRIFT							
1000 kr.	Opphavleg 2018	Endringar i året	Revidert 2018	Ramme 2019	Ramme 2020	Ramme 2021	Ramme 2022
Kultur:	11 125	798	11 923	11 664	11 664	11 544	11 544
Herav utgifter	12 325	798	13 123	12 883	12 883	12 763	12 763
Inntekter	-1 200	0	-1 200	-1 219	-1 219	-1 219	-1 219
Kjøkendrift:	2 316	94	2 410	2 430	2 430	2 430	2 430
Herav utgifter	4 531	94	4 625	4 645	4 645	4 645	4 645
Inntekter	-2 215	0	-2 215	-2 215	-2 215	-2 215	-2 215
Teknisk drift og vedlikehald	27 451	1 916	29 367	27 318	27 618	27 618	27 618
Herav utgifter	45 654	1 916	47 570	45 921	46 221	46 221	46 221
inntekter	-18 203	0	-18 203	-18 603	-18 603	-18 603	-18 603
Reinhold og tekstil:	13 966	389	14 355	15 185	15 185	15 185	15 185
Herav utgifter	14 270	389	14 659	15 489	15 489	15 489	15 489
Inntekter	-304	0	-304	-304	-304	-304	-304
Næringskontoret:	1 040	5 487	6 527	1 113	1 113	1 113	1 113
Herav utgifter	12 893	5 487	18 380	12 966	12 966	12 966	12 966
Inntekter	-11 853	0	-11 853	-11 853	-11 853	-11 853	-11 853
Sum netto driftsrammer	267 475	18 139	285 614	274 533	267 376	263 164	262 406
Herav driftsutgifter	453 501	20 827	474 328	466 157	452 689	444 411	443 258
Driftsinntekter	-186 026	-2 688	-188 714	-191 624	-185 313	-181 247	-180 852
Budsjettbalanse	0	0	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 1 B - netto driftsbudsjettet

	BUDSJETT-TAL DRIFT						
	Opphavleg	Endringar	Revidert	Ramme	Ramme	Ramme	Ramme
1000 kr.	2018	i året	2018	2019	2020	2021	2022
Disponible frie inntekter	-306 501	0	-306 501	-315 998	-314 268	-312 889	-314 484
Sum finans netto	39 027	0	39 027	41 465	46 892	49 725	52 078
Til fordeling på drift	-267 474	0	-267 474	-274 533	-267 376	-263 164	-262 406
SUM DRIFT	267 474	17 970	285 445	274 533	267 376	263 164	262 406
Nedskjeringar	0			0	-23 547	-37 786	-44 410
Bufferar	8 730	-8 298	432	10 395	21 229	29 121	36 729
Særvtale		-169	-24 722	-33 799	-29 945	-26 763	-26 454
Ansvar 91*	-8 004	-2 688	-10 692	-8 652	-7 250	-7 250	-7 250
Sjølvkostområda	-15 760	0	-15 760	-15 971	-15 971	-15 971	-15 971
Rådmannen	3 273	275	3 548	3 808	3 808	3 808	3 808
NAV	3 861	189	4 050	3 904	3 904	3 904	3 904
Barnevern	6 213	3 800	10 013	5 781	5 781	5 781	5 781
Økonomi, Plan og Utvikling	13 296	3 105	16 401	14 149	14 149	14 149	14 149
Fellestenesta	19 407	561	19 968	21 073	21 073	21 073	21 073
Rauland skule	17 266	171	17 437	17 604	17 604	17 604	17 604
Åmot skule	20 576	5 462	26 038	19 860	19 860	19 240	17 794
Edland skule	14 339	755	15 094	12 913	12 913	12 607	12 001
Øyfjell oppvekstcenter	7 828	597	8 425	8 638	8 638	8 638	8 638
Åmot barnehage	11 063	1 161	12 224	12 383	12 383	12 383	12 383
Rauland barnehage	10 072	1 479	11 551	11 137	11 137	11 137	11 137
Edland barnehage	5 467	222	5 689	5 460	5 460	5 460	5 460
Helse og omsorg	118 503	2 664	121 167	128 141	128 141	128 141	128 141
Kultur	11 125	798	11 923	11 664	11 664	11 544	11 544
Kjøkendrift	2 316	94	2 410	2 430	2 430	2 430	2 430
Teknisk drift og vedlikehald	27 451	1 916	29 367	27 318	27 618	27 618	27 618
Reinhalld og tekstil	13 966	389	14 355	15 185	15 185	15 185	15 185
Næringskontoret	1 040	5 487	6 527	1 113	1 113	1 113	1 113
Sum netto driftsrammer	267 475	18 139	285 614	274 533	267 376	263 164	262 406
Budsjettbalanse	0	0	0	0	0	0	0

Bufferspesifikasjon for løns- og prisvekst

Bufferspesifikasjon for løns-, pensjons og prisvekst

	2018	2019	2020	2021	2022
Buffer lønsvekst - 2018	10 812	10 812	10 812	10 812	10 812
Buffer lønsvekst - 2019	0	6 778	6 778	6 778	6 778
Buffer lønsvekst - 2020		0	6 778	6 778	6 778
Buffer lønsvekst - 2021			0	6 778	6 778
Buffer lønsvekst - 2022				0	6 778
Lønsvekst	10 812	6 778	13 556	20 334	27 112
Prisvekst 2018	3 331	1 499	1 499	1 499	1 499
Prisvekst 2019	0	780	780	780	780
Prisvekst 2020		0	797	797	797
Prisvekst 2021			0	814	814
Prisvekst 2022				0	831
Prisvekst	3 331	780	1 577	2 391	3 221
SUM løns-og prisvekst	14 143	7 558	15 133	22 725	30 333
Ufordelte flyktningutgifter		2 937	6 196	6 496	6 496
Buffer gjesteelevar	-400	-400	-400	-400	-400
Buffer skule	300	300	300	300	300
		0	0	0	0
		0	0	0	0
		0	0	0	0
SUM UFORDELT	14 043	10 395	21 229	29 121	36 729

Budsjettkjema 2 A – Investeringsbudsjettet

		Budsjett /Økonomiplan			Budsjett	Budsjett		Rekneskap
	1 000 kr	2022	2021	2020	2019	2018rev.	2018	2017
1	Investeringar i anleggsmidlar	0	19 000	80 000	97 180	83 920	83 920	66 228
2	Invest. i aksjar	1 582	5 582	7 582	5 082	1 335	1 335	1 441
3	Utlån og forskoteringar	0	0	0	0	0	0	2 346
4	Avdrag på lån	400	400	400	400	400	400	783
5	Avsetjingar	0	0	0	0	0	0	15 000
5	Årets finansieringsbehov	1 982	24 982	87 982	102 662	85 655	85 655	85 798
6	Finansiert slik:							
7	Bruk av lånemidlar	0	-20 000	-52 000	-55 000	-65 000	-65 000	-54 851
8	Inntekter ved sal av anleggsmidlar	0	0	0	0	0	0	-858
9	Tilskot til investeringar	0	0	-5 300	-5 100	-8 000	-8 000	0
10	Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-400	-400	-400	-400	-400	-400	-15 673
11	Andre inntekter	0	-1 800	-14 000	-17 441	-12 124	-12 124	-5 394
12	Sum ekstern finansiering	-400	-22 200	-71 700	-77 941	-85 524	-85 524	-76 776
13	Overført fra driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	-1 938
14	Bruk av avsetjingar	-1 582	-2 782	-16 282	-24 721	-131	-131	-7 084
15	Sum finansiering	-1 982	-24 982	-87 982	-102 662	-85 655	-85 655	-85 798
16	Udekt/udisponert	0	0	0	0	0	0	0

Budsjettkjema 2 B – Investeringsbudsjett

TILTAK:	rev. 2018	2019	2020	2021	2022	SUM
						2019-2022
INVEST. KYRKJER	700	150				150
IKT	696					0
INNKJØPSSYSTEM	400					0
AGRESSO- MILESTONE	858	250				250
VELFERDSTEKNOLOGI SJUKEHEIMEN	120					0
UTSTYR HELSE OG OMSORG	386	355				355
ADRESSERINGSOPPROJEKTET - SKILTING	1 474	500				500
EDLAND SKULE - REHABILITERING	1 548	10 000	15 000			25 000
ÅMOT BARNEHAGE	10 157	21 000				21 000
RAULAND SKULE SOLSKJERMING KJØKEN	940					0
RAULAND OMSORGSSENTER	73					0
NORHEIMSTUNET	6 458	2 000				2 000
KJØP/SAL AV BUSTADER	1 570					0
KOMMUNALT LAGER/VERKSTAD	1 621					0
FORPROSJEKT BYGG OMSORG/KYRKJA	500	0	0			0
BUSTADPROSJEKT LEIGE TIL EIGE	337					0
BRANNSIKRING OMSORGSSENTER	0					0
BRANNSIKRING KOMMUNALE BYGG	2 247					0
ENØKTILTAK ADM.LOKALE	174					0
HELSE - PLANLEGGING AV BYGG	0					0
VINJESTOGA	555					0
VINJESENTERET	1 500	12 000	20 000			32 000
VINJE BILETGALLERI NYTT TAK	389					0
VASSBEH. ANLEGG ÅMOT EDLAND	838					0
LEIDNINGSNETT GENERELT - AVLØP	2 296					0
LEIDNINGSNETT GENERELT - VATN FRÅ 2014	2 000					0
VASSVERK RAULAND	2 988					0
AVLØPSANLEGG VÄGSLI	18 517	2 000				2 000
MINDRE AVLØPSANL. ØYFJELL, VESAAS, ARABYGDI	1 208					0
LEIDNINGSNETT GENERELT - VATN - RAULAND	2 392					0
NY VASSBEHANDLING ØYFJELL	5 305					0
G/S VEGAR	9 394	5 000	14 000			19 000
KOMMUNALE VEGAR	5 967	7 000	3 000			10 000
BRUER	8 188		7 000	5 500		12 500
ASFALTERING GRUNGEDAL	281					0
GATELOS /ASFALT JUVBAKK	97					0
GRUNNERVERV	1 052					0
MASKINPLAN TDV	4 500					0
TETTSTADUTVIKLING	476		5 000	3 500		8 500
BREIBAND	2 036					0
UU-TURSTI RAULAND	975	825				825
BRANNBIL/REDNINGSBIL ÅMOT	1 500	3 200				3 200
VINJEHUSET FORPROSJEKT BIBLIOTEK/KJØKEN MM	0					0
DYRE VAA SAMLINGANE	0					0
SKINNARLANDSAMLINGANE	0		1 000			1 000
NY BRANNSTASJON ÅMOT	500	5 000	5 000			10 000
KOMMUNEHUSET STRAUM IT	2 000					0
HELESENTERET STRAUM IT	2 000					0
NETTBRETT TIL MOBIL OMSORG	120					0
KJØP OG OMBYGGING AV COOP-BYGGET	24 000	15 500				15 500
ÅMOT VASSVERK		3 000	10 000	10 000		23 000
ASBESTSSANERING OG OPPRUSTING - KOMMUNEVERKSTAD		5 000				5 000
HAUKELI RA SLAMBEHANDLING		4 000				4 000
DIGITALE TRYGGLEIGSALARMAR - HELSE	350		400			0
FORPROSJEKT ØYFJELL GRENDEHUS						400
BUSTADFELT ØYFJELL - VA	6 000					0
SUM INVESTERINGER	137 683	97 180	80 000	19 000	-	196 180

DRIFTSPLAN OG BUDSJETT FOR EININGANE

Rådmannsteamet

Driftsmål

Tema	Indikator	Status 2018	Ønska resultat i 2019	Lågaste aksepterte resultat	Ikkje godkjent resultat	Mål 2019 - 2022
Følgje opp målsettingar i kommuneplanens samfunnsdel	Setje i gang aktivitetar i tråd med planvedtaket	Planen er vedtatt.	Implementering og iverksettjing			
Vidareutvikle universitets-tilbodet i Rauland	Arbeide for å auke studietilbodet ved USN i Rauland	Vedtatt samarbeidsavtale, studentmelding' og god dialog	Vinje skal til ein kvar tid initiere og drift utviklingsprosjekt i samarbeid med USN.			
Vidareutvikle Vinje kommune si vertskapsrolle som studiestad.	Faste dialogmøter med Campus- og Universitetsleiing. Følgje opp tiltaka i studentmeldinga.	Har faste møte kvart halvår.	God dialog.			
Tett oppfylging av einingane	Årlege leiarutviklingssamtaler Halde 8 leiarmøter og 1- 2 leiar samlingar. Arbeide med å vidareutvikle servicehaldningane internt i organisasjonen og i høve til kommunens innbyggjarar og andre.	Gjennomført samtaler med alle leiarar. Elles som føresett.	Gjennomføring etter plan			

Vidareføre arbeidet med kraftsaker	Følge opp forvaltning av kraftfond Møsstrond og Møsvasskonsesjonen Tokke-Vinjevassdraget <ul style="list-style-type: none"> • Særavtala • Implementering av vassdirektivet • Fylge arbeidet i vass-regionane 	Ny modell for kraftfond Møsstrond i drift Oppfølging av reviderte revisjonskrav	Vanleg forvalting. Følge opp saka.		
Vidare-utvikle organisasjonen	Fokus på innovasjon og tenesteutvikling.	Deltek i utviklings-prosjekt både innan- og utanlands som bidreg til nye og betre løysingar innom fleire tenesteområde.	Halde fram med å vere positiv til å utnytte handlingsrommet som ny teknologi og aktuelle utviklings-prosjekt gjev.		
Betre tverrfagleg innsats (BTI)	Alle fag og tenester driv koordinert arbeid som skal førebygge at brukarane opplever utanforskap.	Arbeidet er starta opp, og søknad til BUFDIR er innlevert. Etablert styringsgruppe.	Prosjektet er implementert i heile organisasjonen og kordinator er tilsett.	Prosjektet er i gang i deler av organisasjonen og kordinator er tilsett.	At organisasjonen ikke samhandlar og det er tette skott mellom fagavd.

Medarbeidar-utvikling	Følgje opp medarbeidar-utviklingsprogrammet «Medarbeidar-skap»	Alle tilsette har gjennomført dagskurs.	Alle nytilsett e har gjennom-ført kurs.			
Kvalitetsarbeid	Bruk av nytt kvalitetssystem; Compilo. Moduler for risiko-handtering, risikoanalyse, dokumenthandtering, elektronisk LEANTavle og avvikshandtering.	Nær på alle einingar har teke systemet i bruk.	100% gjennomført	80%	Under 80%	Innført
Beredskap	Byggje opp struktur i krisestøtteverktøyet CIM, med malar, varslingslister, tiltakskort, m.m. Ta i bruk Varsling 24 både innan servicemeldingar og beredskap.	Det er gjennomført møte i Beredskapsrådet. CIM er under oppbygging. Sørvis-meldingar til innbyggarane er i bruk.	Møter i beredskapsrådet. CIM fullt oppdatert.			

Brukarundersøkingar	Innføring av system for brukarundersøkingsløysinga bedrekommune.no innanfor alle brukarretta tenester.	Det blir gjennomført brukarundersøkingar på fleire tenesteområde	Halde fram med å undersøke korleis brukarane ser på kommunale tenester		
Nypersonvernlov frå 2018	Vinje kommune skal ivareta reglane om personvern på ein god måte	Arbeidet med oversyn og dokumentasjon av databehandleravtaler og register er i gang.	Har på plass eit heilskapleg opplegg i løpet av 2019.		

Budsjett**Rådmannsteamet**

A. UTGIFTER:	2018	2019	Merknader
---------------------	-------------	-------------	------------------

1. Konsekvensar av 2018

Opphavleg budsjett	2 442	2 442
--------------------	-------	-------

Overført mindreforbruk 2017	75	0
Mindre budsjettendringar frå 2017	37	37
Verdensarv skulesatsing	200	200
Reduksjon av kost. Samhandlingskoordinator	-32	-32
Finansiering jf. vedtak i formannskap - USN	200	200
Tidlegare lønsoppgjør	685	685
<i>Lønsoppgjør 2018</i>	86	135
Verdensarv - skilting og deltaking	50	50
KONSEKVENSJUSTERT UTGIFTSRAMME	3 743	3 717

2. Justeringar og kutt i 2019*Korreksjon for eingongsløyvingar**Aktive tiltak - reelle budsjettendringar*

Tiltak A: Verdsarvsenter	0	200
Tiltak B:	0	0
Tiltak C:	0	0
Tiltak D:	0	0
SUM JUSTERINGAR OG KUTT	0	200
NY UTGIFTSRAMME	3 743	3 917

B. INNTEKTER:**1. Konsekvensar av 2018**

Momskompensasjon	-109	-109
KONSEKVENSJUSTERT INNTEKTSRAMME	-109	-109

2. Justeringar og kutt i 2019

Tiltak A: Bruk av disp. fond til finansiering USN	-200	0
SUM JUSTERINGAR OG KUTT	-200	0
NY INNTEKTSRAMME	-309	-109
NY NETTORAMME	3 434	3 808

Økonomi, plan og utvikling

Driftsmål

Teneste-område	Tema	Indikator	Status 2018	Ønskt resultat i 2019	Lågaste aksepterte resultat	Ikkje godkjent resultat	Mål 2019-2022
Økonomi	God service og høg effektivitet	Alle einingar skal attestere og tilvise fakturaer fortløpende	80%	95%	90%	89%	100%
Økonomi	God service og høg effektivitet	Andel lønsslippar på e-post	95%	97%	95%	95%	99%
Økonomi	God økonomistyring	Netto utgifter til administrasjon per innbyggjar	7 923	7 600	7 700	7 800	7 500
Økonomi	God økonomistyring	RE held budsjett-rammene		Alle	16	15	Alle
Økonomi	God økonomistyring	Innleverte månadsrapportar		8	7	6	8
Økonomi	God økonomistyring	Detaljbudsjett på plass i Agresso		1. februar	1. mars	1. april	1. feb.
Plan/utvikling	God service og høg effektivitet	Følger PBL krav til sakhandsamingstid av private reg. forslag	Innanfor	Innanfor lovbestemt frist	På lovbestemt frist	Over den lovbestemte fristen	Innanfor den lovbeste mte fristen
Plan/utvikling	Gode bustadtilbod	Byggeklare tomter i alle tre deler av kommunen	Ja	Ja		Nei	Ja
Plan/utvikling	Gode bustadtilbod	Følgje opp bustadpolitisk plan	Ja				
Plan/utvikling	Gode overordna planar	Framdrift i ØPUs planar i planstrategien	2 av 10 litt etter skjema (Komuneplanens arealdel+ Haukeli/Edland)	8 av 10 vedtekne. Samsvar med ny planstrategi	6 av 10 vedtekne	4 av 10 vedtekne	Samsvar med ny planstrategi
Geodata	À jour matrikkel	Tidsfrist på matrikkelføring av sak som krev oppmålingsforretning		< 16 veker	< 20 veker	< 24 veker	< 17
Geodata	À jour matrikkel	Tidsfrist på matrikkelføring u. krav til oppmålingsforretning		< 6 veker	< 8 veker	< 10 veker	< 6
Geodata	À jour matrikkel	Adresseringsgrad	98%	99%	98%	97%	99%

Teneste-område	Tema	Indikator	Status 2018	Ønskt resultat i 2019	Lågaste aksepterte resultat	Ikkje godkjent resultat	Mål 2019-2022
Byggesak	Sjølvbetening på nett	Stjerner på heimesida hjå Norge.no	Ikkje målt	5 av 6	4 av 6	3 av 6	5 av 6
Byggesak	Rask handsaming av byggesaker	Sakshandsaming innan gjevne tidsfristar	100%	100%	95%	90%	100%
Byggesak	Ferdigattest	Handsame ferdigattest på bygg innan 3 veker	100%	100%	95%	90%	100%
Byggesak	Tilsyn	Tal på utførte tilsyn i høve til tal byggesakar	18%	10%	10%	> 10 %	10%

Budsjett

Økonomi, Plan og Utvikling

A. UTGIFTER: 2018 2019 Merknader

1. Konsekvensar av 2018

Opphavleg budsjett	14 970	14 970	
Overført mindreforbruk 2017	2 000	0	
	0	0	
Rammeauke fellesrådet	762	762	
Kontigentauke LVK	300	300	
Endra finansieringsmodell, revisjon	60	60	
Auka tilskot til kontrollutvalssekretariatet	116	116	
Overføring av beredskap til ØPU	295	295	
Driftsstøtte til Norsk Bane/lyntog	100	100	
Overført til sjølvkostfond	-579	-579	
Endring i 2018	-702	-702	
Mellombels stillingsauke - skatteinnkrevjing	0	0	
Tidlegare lønsoppgjer	1 045	1 045	
<i>Lønsoppgjer 2018</i>	185	290	
KONSEKVENSJUSTERT UTGIFTSRAMME	18 552	16 657	

2. Justeringar og kutt i 2019

Korreksjon for eingongsløyvingar

Aktive tiltak - reelle budsjettendringar

Tiltak A: Endra kostadar arbeidsgjevarkontroll	0	70	
Tiltak B: Oppgradering - Agresso	0	100	
Tiltak C: Rammeauke fellesrådet	0	300	
Tiltak D: Auke i kontingen LVK	0	93	
Tiltak E:	0	0	
SUM JUSTERINGAR OG KUTT	0	563	
NY UTGIFTSRAMME	18 552	17 220	

B. INNTEKTER:

1. Konsekvensar av 2018

Opphavleg budsjett	-1 062	-1 062	
Momskompensasjon	-839	-839	
	0	0	
KONSEKVENSJUSTERT INNTEKTSRAMME	-1 901	-1 901	

2. Justeringar og kutt i 2019

Tiltak A: Endra bruk av konsesjonsavg.fond til plan	-1 000	-1 000	
Tiltak B: Endra gebyrinntekter - motorferdsel	-170	-170	

Tiltak :

SUM JUSTERINGAR OG KUTT	-1 170	-1 170	
NY INNTEKTSRAMME	-3 071	-3 071	
NY NETTORAMME	15 481	14 149	

Fellestenesta

På same måte som Rådmannsteamet og Økonomi, Plan og Utvikling, er målsetjingane for denne støttefunksjonen felles for heile organisasjonen.

Driftsmål

Driftsmål Tema	Indikator	Status 2018	Ønskt resultat i 2019	Lågaste aksepterte resultat	Ikkje godkjent resultat	Mål 2019- 2022
Sjølvbetjening på nett. Ny heimeside/ portalløysing	Stjerner heimesida hjå Noreg.no Gjere det enkelt å drive den kommunale nettstaden med dei krav til informasjons- publisering som gjeld. Integrasjon mot kommunale arkiv og saks- handsamings- system. Mogleg med «døgnopen» forvalting og sjølvbetening for brukarane.	Ikkje målt Inngått avtale og starta på innfør- ingsløp	5 av 6 I normal drift med nøgde brukar- ar	4 av 6	3 av 6	5 av 6
Fokus på nærvær Attraktiv arbeidsplass	Inkluderande arbeidsliv handlar om nærvær og dette må stå i fokus på alle kommunens arbeidsplasser. Nærvær på arbeidsplassen handlar om å bli sett og ha kontakt med sin leiar og kollegaer. Sjukefråvår prosent					
		4,29 % (3. kv.)	Lågare enn 6 %	6,8%	Over 7%	5 %

	Sakshandsamings-tid tilsetting	1 - 4 veker	Innan 2 veker	Innan 3 veker	Over 4 veker	Innan 2 veker
Gevinst-realisererng	For å auke kommunens økonomiske handlingsrom skal det leggjast opp til omstilling og effektivisering. Det skal også arbeidast innovativt med tanke på gevinst-realiseringer, ikkje minst i høve til utvikling av digitale tenester og digitale løysingar generelt – herunder velferdsteknologi.	Ikkje målt				

Budsjett

Fellestenesta

A. UTGIFTER:	2018	2019	Merknader
1. Konsekvensar av 2016			
Opphavleg budsjett	21 264	21 264	
Overført til sjølvkostfond	563	563	
Overført meirforbruk 2017	-67	0	
Avtale Bedriftshelseteneste	600	600	
Kostnadsauke på breiband	200	200	
IKT beredskap	210	210	
Auka lisenskostnadars	500	500	
Auka kontrollutvalsutgifter	42	42	
Auka arkivressurs	260	260	
Val	0	0	
Drift Vest-Tekmarkkrådet	485	485	
Auka tal på lærlingar	360	360	
Bemanningsreduksjon	-1 312	-1 312	
Endringar i 2018	-910	-910	
Tidlegare lønnsoppgjer	1 621	1 621	
Lønnsoppgjer 2018	318	501	
KONSEKVENSJUSTERT UTGIFTSRAMME	24 134	24 384	

2. Justeringar og kutt i 2019

Korreksjon for eingongsløyvingar

Aktive tiltak - reelle budsjettendringar

Tiltak A: Valår	0	250	
Tiltak B: Sumararbeid for ungdom	0	0	
Tiltak C: Reduksjon i stilling - tenestetrog	0	-600	Mellombels
Tiltak D: Endra kostnadars lærlingar	0	1 180	
Tiltak E: Auka kapasitet på fiber Edland og Rauland	0	150	
Tiltak F: I Pad nytt kommunestyre	0	125	
SUM JUSTERINGAR OG KUTT	0	1 105	
NY UTGIFTSRAMME	24 134	25 489	

B. INNTEKTER:

41. Konsekvensar av 2018

Opphavleg budsjett	-2 536	-2 536	
Bruk av konsesjonsavgiftsfond	-845	-845	
Momskompensasjon	-1 035	-1 035	
KONSEKVENSJUSTERT INNTEKTSRAMME	-4 416	-4 416	

2. Justeringar og kutt i 2019

Tiltak A: Endra gebyrinntekter - motorferdsel -60 0 Ligg på ØPU

Tiltak B:	0	0	
SUM JUSTERINGAR OG KUTT	-60	0	

NY INNTEKTSRAMME	-4 476	-4 416	
-------------------------	---------------	---------------	--

NY NETTORAMME	19 658	21 073	
----------------------	---------------	---------------	--

Barnehagar

Driftsmål

Tema	Indikator	Status 2018	Ønskt resultat i 2019	Lågaste aksepterte resultat	Ikkje godkjent resultat	Mål 2020-2022
Tilsette med rett og oppdatert kompetanse	Kompetansehevings plan for alle tilsette	Gjennomført planlagd kursing	Fylgd plan			Gjennomført kompetanse-heving i tråd med plan
Tidleg innsats	<p>Brukarundersøking;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barnehagen legg til rette for det enkelte barns utvikling - Gode relasjoner mellom barn og vaksne <p>Inkluderande barnehage- og skolemiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lage ein plan i kvar barnehage over kva for området ein skal jobbe spesielt med - Refleksjon om læringsmiljø – tema på ulike møte i barnehagen 	<p>Gjennomførst i november 2019</p> <p>Frist: januar 2019</p>	<p>4,2</p> <p>4,2</p>	<p>4</p> <p>4</p>	<p>Under 4</p> <p>Under 4</p>	<p>4,5</p> <p>4,5</p> <p>Refleksjon som tema på kvart møte i barnehagen</p>
Barn som trivst og har gode sosiale dugleikar.	<p>Brukarundersøking</p> <ul style="list-style-type: none"> - Barn som trivst 	Gjennomførst i november 2019	4,5	4,2	Under 4	4,7

